

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 LONEVÅG

Vår dato: 01.06.2023

Vår ref.: 202307852-2 Oppgi ved kontakt

Dykker ref.: 23/553 - 23/8674

NVE si fråsegn på Høyring - Bygging av landbruksveg i bratt terreng - Avvik frå søkt vegklasse - Tyssebotn - Osterøy kommune

Vi viser til førespurnaden dykker av 07.05.2023.

Bakgrunn for tiltaket

Osterøy kommune har motteke søknad om bygging av 860 meter landbruksveg klasse 8 i Tyssebotn. Føremålet med landbruksvegen er tilkomst til beiteområde for geit. NVE sitt aktsemeldskart for området syner fare for snøskred og steinsprang.

Osterøy kommune ynskjer å få ei risikovurdering då vegen skal gå gjennom ei bratt ur, samt om det må takast omsyn etter Naturmangfoldslova.

NVE si vurdering

NVE utfører ikkje risiko- eller skredfarevurderingar av denne typen tiltak. Tiltakshavar lyt eventuelt nytte seg av fagkyndig konsulent eller tilsvarande fagperson for å gjere denne vurderinga.

NVE vurderer tiltaket opp mot § 8 i vassressurslova; «*Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten.*

Dei fleste skogsvegar vil på ein eller anna måte endre den naturlege dreneringa av vassdrag. Sjølv små vassdrag utan årssikker nedbør er definert som vassdrag etter vassressurslova. Alle tiltak som endrar vassdraget sitt leie, straumretning og hastigkeit er definert som vassdragstiltak. For vassdragstiltak gjeld kravet:

"Enhver skal opptre aktsomt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser", og videre: "Vassdragstiltak skal fylle alle krav som med rimelighet kan stilles til sikring mot fare for mennesker, miljø eller eiendom."



NVE vurderer planane slik dei er lagt fram til ikkje å krevje noko ytterlegare behandling etter reglane i vassressurslova.

NVE si rettleiing om tiltaket

Det er tiltakshavar sitt ansvar å syte føre tilstrekkeleg fagkunnig involvering i planleggings- og utføringsfasen. Kommunen må i handsaming av søknaden sjå til at planane for tiltaket tilfredsstiller krava i lover og reglar, og elles vert utført i samsvar med rettleiarar retta mot denne typen tiltak.

Tiltak som ikkje er dimensjonert og konstruert rett kan bli øydelagde av erosjon og avsetting av massar. Samstundes kan underdimensjonerte eller øydelagde tiltak føre til vatn og skader andre stader i terrenget enn tidlegare. Dersom store vassmengder vert samla nye stader i fjellsida, kan det i verste fall føre til utløysing av skred.

For å redusere faren for skade er det viktig at vegkonstruksjonar i bratt terreng vert vedlikehalde.

Sjå følgjande vegleiarar/nettstadar for ytterlegare råd og rettleiing:

[NVEs digitale veileder om utredning av skredfare i bratt terreng.](#)

[Skogsvegar og skredfare - veileder.](#)

[Veileder til vannressursloven og NVEs behandling av vassdrags- og grunnvannstiltak.](#)

[Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier - Lovdata](#)

Med helsing

Ronny Løland
Senioringeniør

Godkjent av Aart Verhage
Sjefingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:
Osterøy kommune

Kopimottakarliste:



STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE